



Båtfolket skal levera boss i kontainer ved Rabben Feriesenter.

Uskedal båtlag har dei siste sesongane samarbeidd med Rabben Feriesenter om bossordning. Denne ordninga har fungert godt, men det har vore eit lite unntak. Nokre båtgjester har hatt problem med å finna rett boss-kontainer då dei ikkje har oppdaga informasjonen på båthuset. No er dette retta på ved eit nytt, stort og tydeleg skilt.

Båtfolket skal som skiltet fortel, levera bosset i kontainer ved servicebygget på Rabben Feriesenter som ligg like ved båthamna. Kontainarane som står ved Oska og på Sandakaien, er private og skal ikkje brukast av båtlaget sine gjester. Dei skal heller ikkje bruka bosskontainaren ved Gamleskulen. Den er for hyttefolk og skal heller ikkje brukast av fastbuande kvinnheringar.

Det har vorte observert at det har vorte sett bossposar utanfor både låste kontainarar(private) og ved hyttekontainaren ved Gamleskulen. Sistnemnde stad har det faktisk også skjedd om det har vore god plass i den. Dette skal først og fremst gjelde fastbuande med for store og tunge sekkar. Det må ikkje gjerast.

Elles er det gledeleg å registrera at bossordninga sentralt i Uskedalen har fungert betre i det siste enn for ein del år sidan. Det nye skiltet vert ei ytterlegare forbetring av dette. No er bossordninga for båthamna lettare å oppdaga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland